



Lærer Jan Welde (står til venstre bak) frå Stavanger saman med dei 6 uskedelingane på kurset: Til høgre for læraren står Hilde Karin Steinsvik, Elisabeth Steinsvik og Robert Sundal. Dei som sit er (frå venstre) Håvard Steinsvik, Trond Håvard Skjelnes og Hans Ordin Østebø. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Sundag går 6 uskedelingar opp til eksamen ved Kvinnherad vidaregåande skule på Husnes. Det er slett ikkje ei forseinka ålmennutdanning det gjeld, men å sikra seg båtførarbevis.

Dei nye føresegnene frå Sjøfartsdirektoratet sender båtentusiastar landet rundt på skulebenken slik at dei skal få båtførarbeviset frå 1. mai neste år. Direktoratet reknar med at det kan bli lang ventetid utover våren. Difor er det viktig å vera ute i god tid.

Det er dei 49 som over to helgar og gjennom 20 kurstimar tar den utdanning som skal til. Det skjer i regi av KVV Kompetanse og Baatskolen Poseidon, som har basen sin i Stavanger.

Ein av uskedelingane på kurset, Hans Ordin Østebø, gjev Stavanger-skulen svært positiv karakter for undervisningsopplegget.

-Det er svært bra. Eg vil ikkje kalla det spesielt krevjande, men det innheld mange detaljar som ein ikkje har tenkt på tidlegare, seier Hans Ordin til uskedalen.no.

Og han presiserer at det er godt mogeleg å stryka ved den avsluttande eksamen!

Kravet om båtførarbevis gjeld alle som er fødte etter 1. Januar 1980 og som skal føra fritidsbåt over åtte meter (26,25 fot) med motoreffekt over 25 hk. Dei gamle reglane gjeld for dei under 16 år. Born kan føra båt med ei lengde på inntil 8 meter og maksfart på 10 knop eller motor med makseffekt på 10 hk. Men det er nytt at ein må vera fylt 14 før ein tar båtførarbevis. Likevel kan ein ikkje få det utlevert før ein er 16. Eldre båtførarbevis vil framleis vera gyldige.

Kursdeltakarane lærer alt frå båtvetreglar, tryggleik og manøvrering til navigering etter kart og kunnskap om stakar og merker. Kort sagt tek kurset for seg det meste som ein treng å veta før ein legg utpå.

Oppslutnaden om kurset på Husnes er maksimal – det var rett og slett ikkje plass til fleire.

Og det seier sikkert noko om at det er ansvarsfulle båtførarar på våre kantar.

Av Ola Matti Mathisen